



Vinnaren Terje Aggvin pustar ut

Stri vind og regn klarte ikkje å leggja nokon ålvorleg dempar på Kvinnheradløpet i dag. Det vart smertefritt avvikla, med 435 deltakarar i trimklassa men diverre berre 28 i konkurranseklassa.



Ole Vidar Monsen frå Uskedalen pustar ut

Det var like mange som i fjor og arrangøren har liten grunn til å vera fornøgd med ein slik oppslutnad. Når det gjeld konkurranseklassa må ein heilt attende til 1985 for å finna så få – det var 523 i fjor og 491 i 2008.



Familien Hellesøy med 3 generasjonar nærmar seg Seimsfoss.

Ikkje overraskande gjekk Terje Aggvin frå Gular til topps med suveren margin, foran Ståle Vange frå Varaldsøy. Aggvins vinnartid 29,49 var berre knapt to minuttar svakare enn rekordtida 28,06, som Øystein Sylta frå Vidar noterte seg for i 2006.

I motsetnad til i fjor var det i år også uskedelingar med i konkurranseklassa og Ole Vidar Monsen kom på femteplass med 38,38 medan Kurt Haugland vart nummer 14 med 44,11.

På kvinnesida der berre 6 var med gjekk ikkje overraskande Marit Årthun frå Matre til topps med 38,06,. Uskedelingar i alle aldrar gjorde seg sterkt gjeldande også blant ungdomsskuleelevar og trimmarar i Kvinnheradløp nummer 29.

Allereie fredag skjedde det - under skuleversjonen av løpet. Der var Kari Bråtun den beste jenta etter å ha gjort unna løypa på 43,01 og med Ingebjørg Haugland som ein god nummer 2.

Blant gutane var Hans Fredrik Guddal Zimmer den beste frå Uskedalen. Kari og Ingebjørg var ikke snauere enn at dei gjekk ein runde også idag.

Også superveteranen frå Uskedalen, Gunvald Friheim, gjorde unna to runder - fredag og i dag. Gunvald får sterk ros frå arrangørane for innsatsen han har gjort og gjer for løpet. I siste 10-årsperiode har han mykje av æra for at det har gått så greitt, blir det understreka. Oddbjørn Kroka sikra seg 20-årsmerket dette året.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Starten går for konkurranseklassa